

Kartlegging av levekåra til barn og unge i Skodje kommune

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skillnader

Strategimål 1

«Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor» ("Artikkel 12").

STRATEGIMÅL 1 - Medverknad frå barn og unge (spm 1)

1 Det kan inviterast til medverknad på fleire nivå.

Ytterpunkta er på den eine sida passiv informasjon t.d. i media, til på den andre sida rett til å vere med å fatte vedtak.

a) Kva organ og system har kommunen der barn og unge kan medverke?

- *Elevsamtale i grunnskulen (obligatoriske for alle elevar 2 g/år)*
- *Foreldresamtalar i grunnskulen (obligatoriske for alle 2 g/år). Foreldra vil/kan tale barna sine interesser.*
- *Klasseråd*
- *Elevråd*
- *Samarbeidsutval i grunnskulen*
- *Skulemiljøutval i grunnskulen*
- *ungdomsrådet*

Barnerepresentantordninga legg opp til å delta på barn/ungdom sine arenaer, i tillegg til å vere høyringsinstans i plansaker og sitte som medlem i kommuneadministrasjon si plangruppe.

b) Kva ordning gjeld for val eller oppnemning av medlemmer til slike organ?

- *Elevråd blir valt i klasseråd*
- *Representantar til Samarbeidsutval og skulemiljøutval blir valt av elevråd.*
- *Ungdomsråd blir valt mellom elevane i ungdomsskulen.*

Ungdomsrådsrepresentantar blir valde for 2 år i gongen og for å få til ei overlapping blir det gjennomført val kvart år. Sitjande ungdomsråd har ansvar for å gjennomføre val.

c) Dersom kommunen har slike organ, kven kjem med framlegg til saker og kva saker blir behandla i desse organa?

I klasseråd og elevråd er det først og fremst elevane sjølve som set dagsorden, og er gode arenaer for å utøve demokrati. Elevane kan uttale seg i saker som gjeld undervisning og kvardagen ved skulen, og medverke til for eksempel innkjøp av leiker og utstyr til friminuttsaktivitetar.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Elevrepresentantane kan kome med framlegg til saker både i skulemiljø- og samarbeidsutval.

Ungdomsrådet handsamar saker som er på høyring i organisasjon (t.d plansaker, politiske saker). Her sørgjer møtesekretær for å legge fram sakene.

I tillegg blir saker av lokalpolitisk interesse handsama, som ungdomane sjølv legg fram (t.d bussrute tilbod, aktivitetar).

- Medverknad frå barn og unge (spm 2 og 3)

2. a) På kva måte gir kommunen opplæring til barn og unge som skal delta i ungdomsråd eller andre organ?

Klasselærarane gir generell opplæring i medverknad og demokrati ved klasseråd.

Kontaktlærer for elevråd sørger for at elevane ser rolla si som representantar for alle elevar ved skulen.

Årleg ved val av nytt ungdomsråd og jamleg gjennom ungdomsrådskontakt/møtesekretær.

Tidlegare ungdomsråd har eit møte med nytt ungdomsråd kor dei veileder dei.

b) Korleis følgjer kommunen opp opplæring og organa sin aktivitet gjennom valperioden (jf. t.d. eigne mentor- eller fadderordningar)?

Gjennom klasselærer, elevrådskontakt og ungdomsrådskontakt/møtesekretær.

3. I plan- og bygningslova er krav og verkemiddel for å ivareta barn og unge sine interesser i den kommunale planlegginga styrka.

a) Korleis sikrar kommunen at barn og unge sine interesser vert ivaretatt i saker etter plan- og bygningslova (t.d. i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, i reguleringsplanar og i dispensasjonssaker)?

Gjennom kommunalt oppnemmt barnerepresentant.

Barnerepresentanten sit i plangruppa og får regulerings saker som gjeld friområde, nye bustadfelt etc på høyring til uttale.

Kommunen ønskjer å sikre barn og ungdom sine interesser i saker etter plan og bygningslova. På detaljplannivå kan dette vere ei utfordring, men ordninga med barnerepresentant bidreg til at fokuset vert løfta fram i alle plansaker.

Kommunen skal, i samband med planarbeid, vere i dialog med barn og ungdom. Denne dialogen er lettast å få til gjennom større prosessarbeid som ved t.d. kommuneplanarbeid eller andre større

plan- og utviklingsaker.

Verkemiddel som kommunen har i dialog med barn og ungdom er m.a. barnetråkk-registreringar. Elles skal kommunen si leikeplassnorm gi føringar for m.a. private utbyggingsaktørar ved planlegging av leikeplassar og uteareal.

b) Kommunestyret er pålagt å etablere ei eiga ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i den kommunale planlegginga. Korleis har kommunen løyst organisering av denne særskilte ordninga?

Barnerepresentantordninga er frå 01.01.15 lagt til personalsjefen i kommunen. Det er ikkje nokon stillingsprosent knytt til barnerepresentantrolla. Skodje kommunestyre har oppnemnt barnerepresentanten.

- Medverknad frå barn og unge (spm 4-6)

4 Barn og unge skal involverast og ha rett til å påverke saker som gjeld dei sjølve.

a) Korleis har kommunen sikra at barn og ungdom sin rett til medverknad er reell?

Elevsamtale med klasselærer 2 g/år er ein arena der alle barn 6-16 år blir invitert til å kome fram med alle saker som ligg på hjertet; skulearbeid, sosialt med venner, heimeforhold.

Kommunen har representantar for barn og unge i ungdomsrådet, og kommunen gir ungdomsrådet rom for innspel i saker som gjeld barn og unge. Ungdomsrådet er og velkommen til å møte i kommunestyremøte.

Når Koordinerande eining tildeler tenester til barn og ungdom, er vi regulert av lov om pasient og brukerrettighetsloven, om rett til medvirkning.

Barns rett til medverknad er nedfelt i Lov om barnehagar. I barnehagane i Skodje er arbeid med barns rett til medverknad nedfelt i årsplanane for dei enkelte barnehagane.

Barna har tilbod om å kome på trefftid på skulane, dei kan snakke med helsesøster og spørje om det dei vil, fortelje eller ta opp ulike saker. Skodje ungdomsskule og Skodje barneskule har dette tilbodet ein gong pr veke, dei andre skulane ein gong annakvar veke.

Det er open helsestasjon for ungdom to timar kvar måndag (unge mellom 13 og 20 år)

Barn og unge har høve til å påverke eiga barnevernsak. Barn vert høyrte og meininga tillagt vekt. Internkontrollen på dette området er sterk.

I plansaker er ungdomsrådet og barnerepresentanten høyringspartar. I større saker vert det lagt opp til dialog om viktige tema for barn og unge. Vi nyttar barnetråkk der dette er eit hensiktsmessig verktøy.

b) Kva gjer kommunen for å sikre at alle blir høyrde (for eksempel breidd og mangfald i geografi, alder, kjønn og etnisitet)

Elevsamtalar er nemt. Og kvar barneskule har sjølvstendige organ (klasseråd, elevråd,

samarbeidsutval, skulemiljøutval), som dekkjer krinsane.

Ungdomsrådet i Skodje kommune består av ungdommar frå både Skodje, Stette og Valle som viser at alle skulekrinsane er dekte. Kjønnfordelinga er 5-7 og det er representantar frå kvart trinn på ungdomsskulen og frå vidaregåande skule. Medlemmar har også ulik etnisk bakgrunn. Dette sikrar at det er lett for alle å få tak i medlemmene for dei som har saker dei vil ha fremma.

I barnehagane har dette vore eit satsingsområde i mange år. I praksis handlar det om respekt for individet, og det enkelte barns sin rett til å vere ein aktiv medverkar i sin eigen kvardag. Nære og lyttande vaksne som respekterer barnets uttrykk.

Helsesøster sørger for at alle elevar i løpet av 8.klasse får ein helsesamtale, tema er innafør helse og trivsel. Vi har anledning til berre begrensa oppfølging dersom noko blir avdekket.

Det er utfordrande å nå alle grupper i plansaker. Varsling i aviser og på nett når nokre grupper og einskildmenneske. Ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma vert nytta der interessa deira vert berørt. Større plansaker, eller detaljplanar som vedkjem barn og unge sine interessegrupper, vert oversendt lag- og organisasjonar, idrettslag/idrettsråd osv. Kommunen forsøker å kople på viktige interessegrupper, men vi ser at vi har forbettringspotensiale.

5. I kva grad har kommunen avsett eigne ressursar til koordinering av oppgåver og tiltak retta mot barn og unge?

Det er ikkje avsett eigne ressursar til barnerepresentantrolla.

Skulane har sett av ressursar til å drive klasseråd og elevråd.

Koordinerande eining har ressursar til oppnemning av brukarkoordinator, overordna ansvar for at ordninga med inviduell plan fungerer og opplæring av brukarkoordinatorar. Ikkje ein bestemt stillingsprosent, men etter behov. Tildeling av tenesten aktivitetskontakt for barn over 10 år.

Kommunen har både ein barnehagefagleg og ein skulefagleg ansvarleg.

Kommunen har etablert ei tverrfagleg gruppe for tidleg innsats i førskulealder – TTI, som er lavterskeltilbod for både føresette og barnehagar.

6. Korleis sikrar kommunen at barn og unge blir høyrte når det blir tatt avgjerd i kommunale organ som vedkjem den einskilde?

Når det blir tatt avgjerdslar i kommunale organ som vedkjem den einskilde, sikrar kommunen at alle blir høyrte ved at kommunestyret tek kontakt med ungdomsrådet for å få innspel. Ungdomsrådet tek kontakt med dei som vil bli påverka, og gir dei moglegheit til å komme med si meining. Døme: nedlegging av Stette barneskule

Når Koordinerande eining tildeler tenester til barn og ungdom, er vi regulert av lov om pasient- og brukerrettighetsloven, om rett til medvirkning.

Barneverntenesten gir rett til hjelpetiltak etter enkeltvedtak. Barneverntenesten har samtalar med

alle barn når det er bekymring for omsorgssituasjonen og når iverksatte hjelpetiltak overfor barnet og familien vert evaluert . Barna sine synspunkt er med i vurderinga av kva som er barnas beste og kan dermed påverke innhaldet i enkeltverdtaket..

Det er ikkje etablert organ for barn i barnehagen, og dermed er det ikkje høve for dei å uttale seg i vedtakssaker. Barna sine stemmer blir formidla gjennom foreldreorgan og tilsette.

Strategimål 2

«Barn med funksjonsnedsettingar har same rett til omsorg, skole og utdanning som alle andre.» ("Artikkel 23").

«Alle barn har rett til god nok levestandard.» ("Artikkel 27").

«Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst- og kulturliv.» ("Artikkel 31").

STRATEGIMÅL 2 - Betre det fysiske oppvekstmiljøet (spm 1 og 2)
<p>1. Korleis sikrar kommunen at prinsippet om universell utforming vert ivaretatt i kommunal planlegging og i det enkelte byggjetiltak, jf. plan- og bygningslova?</p> <p><i>Prinsippet om universell utforming er teke i vare gjennom plan- og bygningslova og gjennom byggesakshandsaming(TEK 10)</i></p>
<p>2. a)Kva oversikt har kommunen over dei viktigaste lokale utfordringane knytt til fysisk tilrettelegging for barn og unge si helse og trivsel?</p> <p><i>Barnetråkkregistreringane som blei gjennomført i 2013, og opne møte i alle krinsar i samband med rullering av Kommunedelplan for fysisk aktivitet (2013).</i></p>
<p>b) Har kommunen utarbeidd eller skal utarbeide leikeplassnorm eller reglar om rekkefølge og funksjonskrav i reguleringsaker?</p> <p><i>Ja. Kommunen har leikeplassnorm og set funksjonskrav til leikeareal i samband med planarbeid.</i></p>
<p>c) Kva system har kommunen for godkjenning av skolar og barnehagebygg, jf. «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»?</p> <p><i>Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6 stiller krav om at verksemder som blir omfatta av forskrift, skal vere godkjende. Formålet med godkjenningsordninga er den same som for forskrifta elles, det vil seie å bidra til at miljøet i skular og barnehagar fremmar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og forebygger sjukdom og skade. Skular og barnehagar er verksemder der barn oppheld seg over lange periodar, som regel med obligatorisk oppmøte. Forskrifta fungerer saman med opplæringslova kapittel 9a som barnas arbeidsmiljølov, og godkjenningsordninga er eit sentralt verkemiddel for å sikre barna sitt arbeidsmiljø.</i></p> <p><i>I Skodje kommune er det kommuneoverlegen som ilag med leiande helsesøster fører tilsyn med</i></p>

skular og barnehagar etter forskrift om miljøretta helsevern.

d) Korleis blir avvik følgd opp med tiltak ?

At ein skule eller barnehage manglar godkjenning inneber ikkje nødvendigvis at verksemda skal stansast/stengast. Folkehelseloven § 10 tredje ledd lyder:

”Dersom godkjenning ikkje foreligg, kan kommunen krevje verksemda stansa. Stansing kan berre krevjast dersom ulempene ved stansing står i rimelig forhold til den helsefare som unngås.”

Manglande godkjenning kan være stansingsgrunn sjølv om det ikkje er ”overhengande fare for helseskade”, slik kravet er i stansingssaker etter folkehelseloven § 16. Det er imidlertid ei forutsetning etter § 10 tredje ledd at stansing skal vere forholdsmessig.

At ei verksemd ikkje får godkjenning, betyr ikkje nødvendigvis at verksemda ikkje kan drivast vidare, men manglande godkjenning inneber at verksemda får nærmare oppfølging frå den kommunale tilsynsmyndigheita for miljøretta helsevern, for eksempel gjennom vedtak om retting etter § 14.

Skulen/ barnehagen skal i samarbeid med t.d. teknisk avdeling lage ein plan for å utbetre merknader og lukke evt. avvik.

Godkjenning vert ikkje gjeldande før etter at avvik er retta.

Ved tilsyn vert det gitt opprettingsfristar dersom det vert avdekka avvik. Dersom avvik ikkje vert lukka ved frist, vert det nytt tilsyn.

- Betre det fysiske oppvekstmiljøet (spm 3-5)

3. a) Korleis legg kommunen fysisk til rette for at alle barn og unge kan være aktive ut frå sine eigne føresetnader, både i skole og på fritida?

Barnerepresentant gir uttale i ulike reguleringsaker.

Skulane har godt med leikeapparat og friområde som elevane kan vere aktive i. Barneskulane er med i programmet «Leikepatruljen» som aktiviserer elevane i friminutta.

Allsidige og stimulerande leikemiljø er vektlagt i barnehagane, både ved nye og eldre bygg.

Stimulering til fysisk aktivitet er vektlagt i barnehagane sine pedagogiske planar. Uteleik kvar dag. Turar i nærmiljøet, aktivitetar i gymsal. Det vert fokusert på allsidige aktivitetar, glede og mestring.

Vedlikehald og utvikling av skule og barneanlegg er ei viktig oppgåve.

Kommunen har også nær dialog med frivillege lag, både idrettslag, velforeningar og bygdelag om utbygging av nærmiljøanlegg. Kommunen kan t.d. bidra med kompetanse på tilskotssøknader.

Idrettslag og velforeningar har over tid bygt ut anlegg i grendene og nærmiljøa, mykje knytt til skulane. Men også skileikanlegg, leikeareal i skogen med gapahuk og turstiar.

Kommunen stiller kommunale bygg, inkl. idrettshall og gymsalar, gratis til disposisjon til aktivitet i frivillege lag.

b) Korleis sikrar kommunen areal til fri leik i omgivnader utan særskilt tilrettelegging ?

- *Statleg sikring av friluftsområde*
- *Grøntområde i byggefelt*
- *Bandlegging av område på kommuneplanen sin arealdel*
- *Informasjon om allemannsretten*

Er restriktiv til omdisponering av friområde og friluftsområde. Har intensjon om å sikre viktige større friareal, og offentlegheita sin tilgang til fjøre og fjell så godt det let seg gjere gjennom planar. Set krav til private aktørar gjennom detaljplanlegginga.

4. Barn og unge har varierende aksjonsradius og må ferdast mellom heim, skole og ulike aktivitetar. Mange kommunar har utarbeidd trafikktryggingsplan. Korleis legg kommunen til rette for at alle barn kan leike og ferdast trygt?

Gjennom reguleringsplanarbeid.

Miljøgate gjennom Skodje sentrum er bygt, gang- og sykkelsti på begge sider av vegen, 40 km fartsgrense og fartsdumpar. Gang- og sykkelstiar til alle bustadfelt i sentrum. Uttalt ambisjon å få bygt gang- og sykkelstiar i og mellom grendene.

Frå Handlingsplan for folkehelsarbeidet i Skodje kommune 2015-2016: «Stille krav i kommune- og reguleringsplanar om utgreiing og etablering av gang- og sykkelveg»

Om barnehage – øve på trafikktryggleik, korleis ferdes trygt i trafikken

Vanskelege trafikkforhold rundt mange barnehagar, skuleveggar etc.

Forbettringspotensiale: Belysning, gangvegar, gangbruer

Skodje kommune har trafikktryggingsplan med handlingsdel. I denne planen er skule- og barnehageområda prioritert, saman med gang- og sykkelveggar (tiltak for trygg skuleveg), gatelys og bussskur. Utfordringa er at kommunen ikkje har økonomi til tiltak innanfor dette området.

5. Er det gjennomført barnetrakkundersøkingar, kartlegging av snarveggar eller liknande?

Det er gjennomført barnetrakkregistrering for ein del av kommunen. Det vil bli gjennomført for heile kommunen i samband med rullering av kommunen sin arealdel

- Betre det fysiske oppvekstmiljøet (spm 6-9)

6. a) Har kommunen planar eller konkrete tiltak som tar i vare barn og unge sitt behov for eit trygt bu-/nærmiljø?

Både Kommuneplanen og Kommunedelplan for fysisk aktivitet, med tilhøyrande handlingsdel har stort fokus på dette.

b) Har kommunen tilstrekkeleg tilbod om gode bustader for utsette grupper?

Kommunen har avlastningsbustader for personar med særlege hjelpebehov.

Det er også tilgjengeleg bustader som blir tildelt etter behovsprøving.

Men for barn og unge har ikkje kommunen bustader der det er tilknytta bemanning for psykisk sjuke eller personar med rusproblem. Vi har heller ikkje eigne treningsleiligheter for barn i barnevernet som skal lære seg å bu på eiga hand.

7. I kva grad har kommunen tilrettelagt tilbodet slik at barn og unge med funksjonsnedsetting har tilgang til offentlege bygg, slik at dei kan gjere seg nytte av tilboda på lik linje med andre barn?

Råd for funksjonshemma hadde ein omfattande gjennomgang av offentlege bygg i kommunen i 2011. Mange tiltak er gjort. Alle nye bygg er universelt utforma.

8. Har alle barnehagar og skular i kommunen ein plan for korleis krisesituasjonar skal handterast? Korleis heng desse saman med kommunen sin overordna kriseplan?

Skulane har kriseperm som gir prosedyrer for ulike situasjonar.

Det er utarbeidd ein Plan for handtering av sorg og kriser i barnehage og skule (2001). Denne er ikkje i aktiv bruk i barnehagane, ikkje oppdatert og finst berre i papirformat. Krisehandtering har vore tema i barnehagane med jamne mellomrom. Element frå planen er nytta, men planen er ikkje implementert i dagens personalgrupper.

9. Korleis samarbeider kommunen med frivillige organisasjonar om fysisk tilrettelegging for leik og kulturell aktivitet?

- Kommunen stiller alle kommunale bygg (skular, kulturhus, idrettshall) gratis til disposisjon for frivillege lag og organisasjonar.

- Kommunen informerer om og hjelper til med søknader om økonomiske tilskot som spelemidlar, gjensidigemidlar osv.

- Kommunen inviterer alle frivillege lag til møte ein gong om året for å avdekke kva dei frivillege ønsker.

- Samarbeid om kulturveke 1 g/år der det er uttalt mål at alle aldersgrupper skal få tilbod.

- Kultur og idrett er trekt med i Styringsgruppa for folkehelse.

Strategimål 3

«Alle barn har rett til å bli oppdratt av foreldra sine om det er muleg.» ("Artikkel 18").

«Alle barn har rett til at ingen skader eller misbruker dei.» ("Artikkel 19).

«Alle barn har rett til hjelp dersom dei ikkje kan bu med familien sin.» ("Artikkel 20").

«Alle barn har rett til eit godt helsetilbod.» ("Artikkel 24").

«Alle barn har rett til skole og utdanning.» ("Artikkel 28").

«Alle barn har rett til ein god skole som gir dei nødvendig kunnskap og utvikling.» ("Artikkel 29").

STRATEGIMÅL 3 - Betre det psykososiale oppvekstmiljøet

1. Kva tiltak har kommunen etablert for å gi foreldre informasjon og tilbod om råd eller nødvendige tenester som kan styrke dei i foreldrerolla i alle aldersfasar i oppveksten?

1. a) Spedbarn

Helsestasjonstenesta er eit tilbod alle nyttar. Følgjer stort sett dei nasjonale anbefalingane i veileidar til Forskrift om «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjon og skolehelsetjenseten»

Brukar foreldreveiledningsprogrammet ICDP i helsestasjonen.

Tilbod om gruppekonsultasjonar det første leveåret (dei fleste deltar).

Tidleg tverrfagleg innsats (TTI) . Tverrfagleg team for småbarn og førskulebarn, fange opp skeiv utvikling, veiledning til foreldre.

Familieveileidar, lav terskel for å nytte henne (Ikkje hatt dette tilbodet i 2015).

«Godt samliv» i samarbeid med Ørskog.

Foreldreførebuaande kurs for førstegongs gravide

Barneverntenesten kan gjennom enkeltvedtak tilby metodisk foreldreretteliing COS-P og ICDP for å forebygge skeivutvikling hos barn i med ein definert risiko. Tiltak vert også sett i verk for å endre uheldige samspillmønster mellom foreldre og spebarnet.

b) Barnehage

Barnehagen driv rettleiing av foreldre i kvardagssmøte, og i meir formaliserte foreldresamtalar. Det er lagt opp til generelle tema på foreldremøte. For familiar som strevar meir enn andre, blir TTI nytta; team for Tidlig Tverrfagleg Innsats.

Barneverntenesten kan iverksette barnehage som hjelpetiltak for familiar med særlege utfordrignar. Som ledd i tiltaksarbeidet vert det utarbeida samarbeidsavtale der barnehage og barnevern

samarbeider om rettleiing for å styrke barnets utvikling.

Det er også Helsestasjonsteneste og Familieveileidar (ikkje i 2015).

c) Barneskule

Samarbeid med skulehelsetenesta, PPT, barnevern og familierettleiing.

Skulehelsetenesta følgjer stort sett veileidar til forskrift (nemnt under pkt 1a).

Kontaktpunkt med foreldra når barnet er 5 år, og i 2 klasse.

Dei fyller ut skjema, får anledning til å ta opp aktuelle saker og spør om råd.

Møter til avtale med helsesøster og lege på helsestasjonen ved 5 årsalder.

I 2. klasse er det berre møte med helsesøster, lege ved behov.

Info til alle foreldre til 1. klasse om skulehelsetenesta.

Helseteam.

Familieveileidar (ikkje i 2015)

Barneverntenesten kan etter enkeltvedtak iverksette foreldrestyrkjande tiltak overfor foreldre g utviklingsfremjande tiltak overfor barna. Familieterapeutisk oppfølging og PMTO er døme på slike tiltak.

d) Ungdomsskule

Samarbeid med skulehelsetenesta, PPT, barnevern og familierettleiing.

Skulehelsetenesta følger stort sett tidlegare nemnte veileidar.

I 8. klasse fyller ungdomen og foreldra saman ut eit skjema som førebuing til helsesamtalen med eleven. Her har foreldra mulegheit til å melde behov.

Kontaktpunkt også ved vaksinasjonar

Info til alle foreldre til 8. klasse om skulehelsetenesta

SLT, barnevern og skule samarbeider om Foreldrenettverk. Eit verkty for det haldningsskapande arbeidet vi gjør overfor foreldre, og eit viktig førebyggande tiltak overfor barn og unge.

e) Vidaregåande skole

Helsestasjonen har ikkje noko etablert tilbod. Foreldre kan evt ta kontakt pr telefon.

Barneverntenesten har samarbeid med skulane på elevnivå etter enkeltvedtak.

Elevar med sosiale utfordrignar som har eksisterande hjelpetilak i barneverntenesten tilbys oppfølging i overgang mellom ungdomskule og vidaregåande skule.

- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet (spm 2-4)

2. a) Korleis sikrar kommunen at tenestene retta mot barn og unge; -samarbeider om å fange opp behov for hjelp, - undersøker, set i gang og evaluerer tiltak for familiar som treng hjelp

Tidleg tverrfagleg innsats kan sikre tidleg intervensjon og hindre utviklingsskader hjå barn.

Skodje kommune har etablert eit tverrfagleg prosjekt (TTI) for å gi eit heilskapleg

tenestetilbod for familiar og barn i alderen 0-6 år, der dei vaksne rundt barnet opplever eksta

utfordringar. Målet er å snu skeivutvikling før det vert eit problem for barnet. Eksempel på

problematikk det vert gitt rettleiing på er kosthold, søvn, sinne og sosiale ferdigheter (Fast gruppe beslår av rådgjevar frå PPT, helsesøster frå helsestasjon, barnepedagog og familieretteliar tilsett i barneverntenesten)

Det er etablert Skulehelseteam ved alle skuleane i Skodje. Teamet har til formål å sikre tidleg innsats for barn i risiko. Teamet skal bidra til å fremme gode sosiale og miljømessigeforhold for barna i kommunen. Teamet skal ha en oversikt over helsetilstanden og dei faktorane som kan virke inn på barna si helse. Teamet skal gi råd og veiledning til kvarandre.

Teamet skal samordne tiltak for barn som treng tilrettelegging.

Skular og barnehagar har nært samarbeid med barnevern, PPT og helsestasjon.

b) Kva typar tverretatlege kompetansetiltak har kommunen etablert for å sikre samhandling og samarbeid?

Kommunen har etablert mange arenaer der tverretatleg samarbeid om tiltak følgjer ein klar metodikk. Det gjeld ordningar som TTI (Tidleg Tverrfagleg Innsats), MOT, SLT (Samordningsmodell for Lokale, forebyggende Tiltak mot rus og kriminalitet), Mission Possible og skulehelseteam.

3. Korleis samarbeider kommunen med frivillige organisasjonar om betring av det psykososiale oppvekstmiljøet? Eksempel på frivillige organisasjonar kan vere idrettslag, Røde Kors, speidarlag, m.m.

Skodje kommune samarbeider med MOT som er ein organisasjon som bidrar til trygge ungdomsmiljø.

- Kommunen inviterer alle friville lag til møte ein gong om året for å avklare gjensidige forventningar. Folkehelse står alltid på dagsorden. I møtet i 2015 blei mellom anna UngData-undersøkinga framlagt og drøfta!

- Kultur og idrett har representantar med i Styringsgruppa for folkehelse

4. Kva planar og tiltak har kommunen for å førebygge og styrke den psykiske helsa hos barn og unge?

Skodje kommune er lokalsamfunn med MOT. Vi har ruspolitisk plan og barnehageplan.

Skulen og kommunen har tiltaksplanar som gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

Styringsgruppa for folkehelse har laga Handlingsplan for folkehelsarbeidet i Skodje kommune 2015-2016. Eitt av seks hovudområde er Samfunnsutvikling for ein god start i livet.

Frå planen kan nemnast tiltak som:

«Gjennomføre konferanse om psykiske helse.

Gjere seg kjent med og arbeide fram tiltak basert på resultat i Ungdata-undersøkingane for u-skulen.

Ha psykisk helse årleg som tema i foreldremøte i skule og barnehage.»

Barnehagane har eit generelt fokus på glede, mestring og venskap og vektlegg at det enkelte barnet

skal kjenne seg sett og verdsett av menneska dei møter i barnehagen.

Helsestasjonen har ikkje eigne planer som omhandlar den psykiske helsa, men gjennom helsestasjons- og skulehelsetenesta jobbar vi med forebygging også på dette feltet.

- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet (spm 5-8)

5. Mange barn og unge opplever å bli utsett for mobbing og krenkande åtferd både fysisk, psykisk og digitalt

a) Korleis sikrar kommunen eit psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring og førebygg mobbing og krenkande åtferd blant barn både i skole, barnehage og i fritida?

Gjennom å ha MOT-programmet i ungdomsskulen og implementere det i lag og organisasjonar der barn og unge er i fritida.

Barnehagane har eit generelt fokus på glede, mestring og venskap og vektlegg at det enkelte barnet skal kjenne seg sett og verdsett av menneska dei møter i barnehagen. Barna vert rettleia i korleis ein forhold seg til andre mennesker og får øving i å veksle mellom å gi og ta i samspel med andre.

Skulen har planar som sikrar det psykososiale miljøet, kontaktlærarar som arbeider med skulemiljøet, godt med tilsyn i friminutta, engasjement rundt programmet «MOT» i ungdomsskulen. Tiltaket «Leikepatruljen» i barneskulen.

Dette er saker som også kan takast opp i skulehelseteam.

b) Har alle barnehagar og skular i kommunen ein handlingsplan mot mobbing?

Alle skulane har dette, vi har også ein kommunal plan.

Ikkje alle barnehagar har handlingsplan mot mobbing.

c) På kva måte sikrar kommunen kompetanseutvikling og tverrfagleg samarbeid rundt barnehage- og skolebarnas psykiske helse?

Skodje kommune er med i prosjektet Mission possible med føremål å betre det tverrfaglege arbeidet og sikre ein meir heilskapleg innsats overfor barn.

Det er eit tverrfagleg prosjekt, som m.a. har kurs for tilsette.

7. Har kommunen utarbeidd handlingsplan mot vald i nære relasjonar? Dersom ja - vert desse gjennomgått jamleg og brukt i dei einskilde tenestene? Dersom nei - har kommunen andre system for å fange opp og handtere slike saker?

Barneverntenesten har utarbeida handlingsplan for oppfølging av barn som lever med Vald i familien Offentlege instansar har medleplikt til barnevernet ved mistanke om vald og overgrep mot barn. Barneverntenesten tilbyr oppfølgingstiltak overfor familiar som lever med med vald.

8. Korleis sikrar kommunen at eigne tilsette har god nok kompetanse til å handtere alle former for vald og overgrep retta mot barn, eller barn som vert vitne til vald og overgrep?

Det er utarbeidd retningslinjer for korleis ein skal gå fram ved mistanke om vald og overgrep. Barnehagetilsette vert årleg oppdatert på opplysnings-/meldeplikt til barnevernet og teieplikt.

I konkrete situasjonar søker barnehagen råd hos barnevernet som har mest kompetanse på dette.

- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet (spm 9-11)

9. Korleis sikrar kommunen at barn og unge i kommunen veit kven dei skal kontakte dersom dei ønskjer å fortelje om vald, mobbing eller krenkande åtferd som har ramma dei sjølve eller nokon dei kjenner?

Skulen tar det opp i klassane.

I barnehage er fokuset på å skape nære og trygge relasjonar mellom barna og dei vaksne slik at barnet opplever å møte vaksne dei har tillit til og som dei kan betru seg til.

Helsestasjonen har trefftidene på skulane, men det er begrensa tal på timar pr veke fordelt på alle elevane. Ofte for kort tid til å bygge opp tillit, og det har vore skifte av tilsette.

10. Har kommunen samarbeid med instansar utanfor kommunen når det gjeld vald, mobbing eller krenkande åtferd? Kven samarbeider kommunen i tilfelle med (andre kommunar, frivillige organisasjonar eller liknande) og kva går samarbeidet ut på?

Barnehagane har ikkje hatt samarbeid med andre instanser enn barnevern når det gjeld vald.

Ved mobbing og krenkande åtferd er det PPT og BUP som er samarbeidspart. Samarbeidet er då gjerne på rådgjevande plan.

Kommunen har kontakt med barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk på sjukehuset, for rådgjeving.

SLT-koordinator har etablert samarbeid med forebyggande enhet ved politiet for å forebygge utvikling.

11. a) Kva koordinerande einingar/råd/organ har kommunen etablert for barn og unge som har behov for langvarige og koordinerte tenester?

I Skodje kommune har ein koordinerande eining med tildelingsansvar. Dette er eit tildelingskontor

innan helse og omsorg, men også den instansen som har oversikt over kven som har behov for langvarige og koordinerte tenester, og som utpeikar brukarkoordinator for desse personane. KE har også overordna ansvar for at ordninga med individuell plan fungerer og skal sikre opplæring av brukarkoordinatorar.

b) Korleis sikrar kommunen at desse barna får tilgang til slike tenester?

Kommunen har rutinar der personar i dei andre einingane eller foresatte sjølv kan sende inn «melding om behov for koordinerte tenester», som er eit skjema der ein fyller ut opplysningar om dette. Ut i frå dette, sørger KE for at personane får oppnevnt ein brukarkoordinator. Det er då brukarkoordinator og ansvarsgruppe som har den «dagelege» oppfølginga av brukarane.

c) Kva viser eventuelle brukarundersøkingar?

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking gjennom koordinerande eining.

- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet (spm 12)

12. Nokre av barna og ungdomane barnevernet er kontakt med bur ikkje saman med sine biologiske foreldre. Dei er flytta til fosterheim eller institusjon og har rett til oppfølging frå kommunen til dei er 23 år dersom dei ønskjer det.

a) På kva måte legg kommunen til rette for at dei får naudsynt oppfølging i barnehage eller skole og frå helse-, sosial- eller barnevernstenester?

For fosterheimsplasserte barn i barnehage vert det laga ein samarbeidsavtale med barnevernet, barnehage og føresette.

Helsestasjonen gir same tilbudet til alle barn, uavhengig om dei er i kontakt med barnevernet eller ikkje. Ofte veit ikkje helsestasjonen kven som er flytta frå foreldra sine.

NY rutinefrå haust 2015. Barneverntenesten informerer på skulehelseteam om fosterbarn som kjem flyttande til kommunen og omflytting av barn til fosterheimar.

Barnverntenesten opprettar ansvarsgruppemøte/samarbeidsmøte når ein overtek omsorgen for eit barn.

Barneverntenesten kan legge tilrette for at barn under omsorg skal gjennomføre vidaregåande skule ved å tilby fosterheimstiltak også etter fylte 18 år og gradvis overgang til eigen bustad med oppfølging.

Kommunen har ikkje psykiatrisk sjukepleiar for barn/unge under 18 år.

b) På kva måte sørgjer kommunen for tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom kommunar for å ta vare på rettane til barn og unge som ikkje bur hos dei biologiske foreldra sine?

Barneverntenesten rettleiar fosterheimane og deltek i samarbeidsmøter rundt barnet i

Strategimål 4

«Alle barn har rett til økonomisk hjelp dersom dei treng det.» ("Artikkel 26").

«Alle barn har rett til god nok levestandard.» ("Artikkel 27).

«Barn som tilhører ein minoritet eller eit urfolk, har rett til å bruke sitt eige språk og kultur og praktisere sin religion.» ("Artikkel 30").

STRATEGIMÅL 4- Redusere negative konsekvensar av sosiale ulikheter (spm 1-3)

1. Dei sosiale skilnadene i Norge aukar kvart år. Avstanden mellom barn og unge som er inkluderte og dei som er ekskludert ser ut til å samanfalle på fleire område, mellom anna innan helse, økonomi og utdanning

a) Korleis samarbeider dei kommunale tenestene internt for å gi tidleg hjelp til sårbare og utsette barn og unge og foreldra deira?

Barnevern, PPT og helsestasjon som sakkunnig instans kan gi tilråding om barnehageplass.

Det vert oppretta samarbeidsorgan, som t.d. ansvarsgruppe for særleg utsette barn.

TTI (Tidleg, tverrfagleg innsats) er ei tverrfagleg ressursgruppe som rettleiar barnehagar og føresette i førskulealder

I dei tilfelle det blir gitt melding om det, kan helsestasjonen ha nokre få støttesamtaler. Det er ingen tilbud til t.d. grupper, då må vi henvise til helseforetaket.

Samarbeidsavtale mellom NAV og barnevern.

NAV tilbyr økonomisk retteliing, henviser til rusbehandling og set i gang tvangstiltak i russaker. NAV og Barneverntenseten samarbeider i enkeltsaker for å hjelpe familier økonomisk i overgangsperiodar. Barneverntenestetilbyr støttesamtalar og råd og ettleiing til familiane.

b) Korleis tar kommunen vare på barn og unge som pårørande i familiar der foreldre/omsorgspersonar er sjuke (somatisk sjukdom, psykisk sjukdom, rusproblem)?

Når KE gjennomfører kartlegging av nye brukarar, blir det alltid stilt spørsmål om barn som pårørande. Dersom det kjem fram opplysningar om noko som skaper bekymring for barnet eller vi tenkjer at barna treng ekstra oppfølging, tek vi det vidare til ein instans som kan hjelpe.

I familiar som får barnehageplass som hjelpetiltak frå barnevernet, vert det underskrive ein samarbeidsavtale mellom familie, barnehage og barnevern. Barnehagen skriv halvårlege rapportar til

barnevernet i slike tilfelle.

Fastlegane i kommunen har eit nært samarbeid med anna helsepersonell i kommunen som til dømes psykiatrisk sjukepleiar og helsestasjon. I ein liten kommune som Skodje kommune er forholda oversiktlige og alt helsepersonell har ei plikt til å ivareta mindreårige barn som pårørande etter helsepersonellova §10a.

I akutte situasjonar er det særleg viktig å få oversikt over barnets aktuelle omsorgssituasjon. Kriseomsorgsgruppa i Skodje kommune blir i slike tilfelle ansvarlege for å vurdere barna sine behov.

Mange foreldre vil, som følge av alvorlig sjukdom, ha behov for koordinerte tenester, og dermed ha rett til ein individuell plan. Det er naturleg at barnas behov blir tatt inn i pasientens individuelle plan. Helsepersonell i både primær- og spesialisthelsetjenesten har plikt til å initiere og koordinere individuell plan.

Helsepersonell som yter helsehjelp til pasientar i tilknytning til psykisk sjukdom, rusmiddelavhengighet eller alvorlig somatisk sykdom eller skade, har plikt til å bidra til å ta vare på interessene til barna som følge av foreldera sin tilstand. Det er viktig at plikta til å følge opp det enkelte barn blir lagt til ein bestemt person. Plikta vil først og fremst gjelde helsepersonell med ansvar for behandling av pasienten. Det er som oftest lege. Det er desse som normalt står pasienten nærmast, og som bør ta avgjørelsen om når og på kva måte situasjonen til barna skal tas opp.

Helsepersonelloven § 10a lyder:

«Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørende.

Helsepersonell skal bidra til å ivareta det behovet for informasjon og nødvendig oppfølging som mindreårige barn av pasient med psykisk sykdom, rusmiddelavhengighet eller alvorlig somatisk sykdom eller skade kan ha som følge av forelderens tilstand.

Helsepersonell som yter helsehjelp til pasient som nevnt i første ledd, skal søke å avklare om pasienten har mindreårige barn.

Når det er nødvendig for å ivareta barnets behov, skal helsepersonellet blant annet:

a) samtale med pasienten om barnets informasjons- eller oppfølgingsbehov og tilby informasjon og veiledning om aktuelle tiltak. Innenfor rammene av taushetsplikten skal helsepersonellet også tilby barnet og andre som har omsorg for barnet, å ta del i en slik samtale.

b) innhente samtykke til å foreta oppfølging som helsepersonellet anser som hensiktsmessig

c) bidra til at barnet og personer som har omsorg for barnet, i overensstemmelse med reglene om taushetsplikt, gis informasjon om pasientens sykdomstilstand, behandling og mulighet for samvær. Informasjonen skal gis i en form som er tilpasset mottakerens individuelle forutsetninger. (...).

c) Korleis samarbeider kommunen med frivillige lag og organisasjonar som kan bidra til å gje gode oppvekstvilkår for barn og unge som fell ut på grunn av funksjonshemming, svak økonomi, minoritetsbakgrunn?

Både representantar for idretten og kulturlivet elles er med i Styringsgruppa for folkehelse.

Mange frivillege lag har slutta opp om både følgjekort- og opplevingskortordninga, der Skodje

stadion og Gomerhuset er sentrale arenaer.

2. Kva tiltak har kommunen for å hjelpe foreldre/omsorgspersonar, med dette også dei frå andre kulturar, slik at dei kan gi barna sine god omsorg?

Barnehagen driv rettleiing av foreldre i kvardagssmøter, og i meir formaliserte foreldresamtaler. Vi har generelle tema oppe på foreldremøte. For familiar som strevar meir enn andre, nyttar vi TTI; team for Tidlig Tverrfagleg Innsats, og kan også rådføre oss direkte med helsestasjon, PPT eller barnevern

Helsetasjonen gir det same tilbodet til alle; veiledning og råd i helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsestasjonen kan henvise til barnevernet.

Forventning til alle foreldre i grunnskulen om å kome til samtale 2 g/år.

3. Korleis legg kommunen til rette for sosial integrering av barn og unge med funksjonsnedsetting, enten fysisk/psykisk, eller på grunn av språkvanskar?

Det vert gjennomgåande arbeid med at alle barn skal oppleve glede og meistring utifrå eigne føresetnader. Vi arbeider for å gjere barnehagedagen oversiktlig og forutseieleg, også for dei barna som strevar med å forstå og uttrykke seg. Alle barn i barnehagane, uansett førestenader, skal få allsidige utfordringar og opplevingar i ulike miljø.

- Redusere negative konsekvensar av sosiale ulikheter (spm 4-7)

4. a) Korleis arbeider kommunen med tilrettelegging og tiltak som fremmer eit godt kosthald, fysisk aktivitet og førebygger bruk av tobakk og rusmiddel blant barn og unge?

Organisasjonen MOT, som Skodje kommune samarbeidar med, har «Mot til å si nei» som ein av sine verdier. Gjennom samarbeid med både KRIK (kristen idrettskontakt) og MOT legg ungdomsrådet vekt på «Mot til si nei»-verdien og fysisk aktivitet i sine MOT-kveldar.

Barnehagane har fokus på sunt kosthald og følger Folkehelseinstituttet sine råd for mat og måltider i barnehagar.

Helsestasjonen har ikkje spesielle tiltak, men tilbod til alle. Råd og veiledning i helsestasjon og skulehelseteneste, som er frivillig tilbod. Ved konkret problemstilling har vi svært begrensa ressursar til oppfølging/støttesamtaler.

Styringsgruppa for folkehelse har ambisjon om å drive kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og utarbeide handlingsplanar som skal implementerast i heile kommuneorganisasjonen og i frivillege lag.

b) Korleis sikrar kommunen at barn og unge sin rett til helsetenester blir ivaretatt gjennom helsestasjons- og skulehelsetenestetilbod, inkl. tannhelse?

Tannhelsetenesta er interkommunal, går ut frå at dei har eit system for reinnkalling når

nokon ikkje møter. Vi spør foreldre ved 4 og 5 årskontakten om dei har vore hos tannlege med barnet, i tilfelle ikkje (nytilflytta kanskje), ringer vi for å melde behov.

Når foreldre ikkje møter med barnet til avtale to gonger på rad og heller ikkje gir beskjed, sender vi brev til foreldra. Vi viser til barnet sin rett til helsetenester og foreldra si plikt til å medvirke til det, dei får ein ny avtale med beskjed om å ta kontakt dersom det ikkje passar og informasjon om at vi vil melde bekymring til barnevernet dersom dei ikkje møter eller vi ikkje høyrer frå dei.

Dersom foreldre ikkje vil bruke tilbodet vårt, ber vi om bekreftelse på at dei har vore til t.d. fastlegen og fått gjennomført helsesjekk.

c) Er behovet kartlagt og i kva grad dekker tenesta behovet?

Vi har ikkje tal eller undersøkelser som seier noko om dette. Men vi veit at mange flyttar til kommunen, mange har problem med angst og skulefråver, mobbing, einsemd, overvekt og liten aktivitet, mange er barn av skilte foreldre og opplever ulike grader av psykososiale problem. Vi kan i mange tilfelle ikkje gje noko tilbod, eller i svært liten grad.

5. Korleis sikrar kommunen eit reelt tilbod om habilitering og rehabilitering til barn og unge både innan somatikk, rus, psykiatri og for psykisk utviklingshemma?

Psykisk utviklingshemma: eiga eining med bu og dagtilbod, inkludert avlastning.

Somatikk: fastlegar og helsestasjon

Rus: fastlege, helsestasjon, barnvern

Psykiatri: psykiatrisk sjukepleier (pr dato vakant), ansvarsgrupper og i samarbeid med spesialisthelsetenesten

Generelt kan ein seie at ein samarbeidar med ulike spesialisthelsetenester, som har kompetanse på dei ulike utfordringane barn og unge kan møte i kvardagen. Kommunen kjem inn på dei arenaene der det er aktuelt, gjerne ved bruk av ansvarsgruppe.

6. Korleis fangar kommunen opp barn og unge som treng ekstra oppfølging i barnehage og skole?

Barnehagane observerer barn i dei daglege situasjonane, både i forhold til sosial fungering, språkleg, emosjonell og motorisk utvikling. Dersom vi vurderer at barn treng ekstra oppfølging vert det, etter avtale med føresette, sendt melding til PPT for ekstern vurdering.

Helsetenesta, barnehage og skule, eller PPT melder behov. I nokon grad melder foreldre behov. Kva tilbod dei får, er varierende.

7. Kva praksis og utviklingsmål har kommunen for samarbeidet mellom heim og barnehage/skole

for å inkludere alle og førebygge utvikling av sosiale skilnader?

Alle barnehagen sine aktivitetar er utan ekstra kostnad for foreldre. Vi søker aktivt å unngå kjøpepress og ønsker m.a. ikkje at private leiker vert tekne med til barnehagen. Vi oppfordrer til inkludering av alle i t.d. bursdagsfeiringar i heimane.

Bursdagsfeiringar i barnehagen er utan medbrakt mat og fokuset er på oppmerksomhet på barnet.

I skulen er det god struktur på faste foreldresamtalar, felles foreldremøte for klassar/trinn, foreldreråd, foreldreutval, samarbeidsutval og skulemiljøutval.

- Redusere negative konsekvensar av sosiale ulikheter (spm 8-12)

8. Korleis sikrar kommunen alle elevar sin rett til tilfredsstillande utbytte av opplæringa?

Gjennom samarbeid med PPT, spesialundervisning og tilpassa opplæring.

9. Korleis legg kommunen til rette for at alle barn får same mulegheit til å ta del i kunst og kulturlivet og i andre rekreasjons- og fritidsaktivitetar?

Den kulturelle skulesekken gir 4-5 kulturtilbod pr år til alle barn i grunnskulealder.

Skodje kommune er med i Kultursekken for barnehagar, som inneber kunst- og kulturoppleving med profesjonelle kunstnarar på ulike felt, gitt i den enkelte barnehage i ordinær opningstid.

KE kan tildele aktivitetskontakt til brukarar med særskildte behov som gjer at dei ikkje får delta i kunst og kulturlivet og i andre rekreasjons- og fritidsaktivitetar på sjølvstendig basis.

Kommunen koordinerer opplevingskort- og følgjekortordninga lokalt.

10. Korleis arbeider kommunen for å førebygge og å auke gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring allereie i barnehage- og i grunnskoletida?

Summen av mykje av det som er gjort greie for i denne kartlegginga er førebyggjande arbeid. Ikkje minst gjeld det å finne seg til rette i utdanningsløpet og minimum gjennomføre vidaregåande skule.

Prinsippet om tidleg hjelp til utsette grupper og enkeltindivid er godt forankra i Skodje kommune, med systematisk arbeid m.a. gjennom TTI og Skulehelseteam.

11. Korleis sikrar kommunen at barn og unge som kjem frå religiøse, språklege og etniske minoritetar får bruke sitt språk og utøve sin kultur i barnehage, skole og fritidsaktivitetar, ev. i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar?

Skulane har tradisjon for å arbeide for inkludering av barn som kjem frå minoritetar, og i det ligg også å fremje positiv eigenart. Det kan skje i klasserommet og i samlingar der barn med mioritetsbakgrunn kan vise sitt språk og sin kultur ved for eksempel klesdrakt, mat, musikk og

dans.

Skodje pensjonistlag arrangerer årleg internasjonal kveld, der folk frå andre land og kulturar får vise fram sin eigenart.

Under årets Kulturveke (2015) i Skodje skal Skodje frilynde ungdomslag ha eit arrangement med følgjande utgangspunkt: INTERNASJONAL KVELD: Møte mellom nasjonar gjennom mat og kultur.

12. Korleis sikrar kommunen at barna sine særskilde behov for hjelp eller tiltak blir vurdert når foreldre søker hjelp?

KE følger vanleg saksbehandlingsprosedyrer for å opplyse saka før ein treffer eit eventuelt vedtak.

Når foreldre søker hjelp i barnehagen vurderer barnehagen om eigne tiltak er tilstrekkeleg. Hvis ikkje vert saka meldt til PPT for rettleiing eller sakkunnig vurdering. Dersom PPT tilrår særslilte tiltak vert det gjort enkeltvedtak i saka, med evt rett til spesialpedagogisk hjelp.

For legetenesta inneber dette at ein vurderer om det er behov for utgreiing og tiltak. I all hovedsak viser lege barnet til den interkommunale PP-tjenesta som gjer ei utgreiing og samstundes vurderer om det er behov for ei meir ekstensiv utgreiing hjå spesialisthelsetenesta, til dømes barnehabiliteringstenesta eller barne- og ungdomspsykiatrisk klinikk på sjukehuset.

Tilleggsinformasjon

Andre kommentarar